

# Eksamensoppgaver

26.05.2010

REA3024 Matematikk R2



# Nynorsk

<b>Eksamensinformasjon</b>	
<b>Eksamenstid:</b>	5 timer: Del 1 skal leverast inn etter 2 timer. Del 2 skal leverast inn etter 5 timer.
<b>Hjelpemiddel på del 1:</b>	Vanlege skrivesaker, passar, linjal med centimetermål og vinkelmålar er tillatne.
<b>Hjelpemiddel på del 2:</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Vedlegg:</b>	Det er ingen vedlegg.
<b>Framgangsmåte:</b>	Der oppgåveteksten ikkje seier noko anna, kan du velje framgangsmåte sjølv.  Dersom oppgåva krev ein bestemt løysingsmetode, vil du òg kunne få noko utteljing ved å bruke ein alternativ metode.
<b>Rettleiing om vurderinga:</b>	Karakteren blir fastsett etter ei samla vurdering. Det vil seie at sensor vurderer i kva grad du <ul style="list-style-type: none"><li>– viser reknedugleik og matematisk forståing</li><li>– gjennomfører logiske resonnement</li><li>– ser samanhengar i faget, er oppfinnsam og kan bruke fagkunnskap i nye situasjonar</li><li>– kan bruke formålstenlege hjelpemiddel</li><li>– vurderer om svar er rimelege</li><li>– forklarer framgangsmåtar og grunngir svar</li><li>– skriv oversiktleg og er nøyaktig med utrekningar, nemningar, tabellar og grafiske framstillingar</li></ul>

## Del 1

### Oppgave 1

a) Deriver funksjonen gitt ved  $f(x) = x^2 \cdot \cos(3x)$

b) Bestem integrala

$$1) \int 5x \cdot e^{2x} dx$$

$$2) \int \frac{6x}{x^2 - 1} dx$$

c) Løys differensielllikninga

$$y' - 2y = 3 \quad \text{når} \quad y(0) = 2$$

d) 1) Bruk formlane

$$\cos(u - v) = \cos u \cdot \cos v + \sin u \cdot \sin v$$

$$\cos(u + v) = \cos u \cdot \cos v - \sin u \cdot \sin v$$

til å vise

$$\cos u \cdot \cos v = \frac{1}{2} (\cos(u - v) + \cos(u + v))$$

2) Bruk 1) til å finne eit uttrykk for  $(\cos x)^2$ . Bestem integralet

$$\int (\cos x)^2 dx$$

e) I denne oppgåva får du bruk for den generelle samanhengen

$$\int_a^b F'(x) dx = F(b) - F(a)$$

Tabellen nedanfor viser nokre funksjonsverdiar for funksjonane  $f$ ,  $g$  og  $h$ .

$x$	$f(x)$	$g(x)$	$h(x)$
-3	0	6	6
1	-2	$\frac{-7}{2}$	-4
2	24	28	22

Det blir i tillegg opplyst at  $f(x) = g'(x)$  og  $h(x) = g''(x)$ .

Bruk tabellen og tilleggsopplysningane til å finne integrala

$$1) \int_{-3}^2 f(x) dx$$

$$2) \int_{-3}^1 h(x) dx$$

## Oppgåve 2

Vi har gitt punkta  $A(3, 0, -2)$ ,  $B(0, 2, 0)$  og  $C(1, -1, 4)$ .

- a) Bestem  $\overrightarrow{AB} \times \overrightarrow{AC}$ .
- b) Finn ei likning for planet  $\alpha$  som går gjennom punkta  $A$ ,  $B$  og  $C$ .

Ei rett linje  $l$  går gjennom punktet  $P(5, 4, 4)$  og står vinkelrett på planet  $\alpha$ .

- c) Vis at ei parameterframstilling for  $l$  er 
$$\begin{cases} x = 5 + 2t \\ y = 4 + 2t \\ z = 4 + t \end{cases}$$

Finn skjeringspunktet mellom  $l$  og  $xz$ -planet.

Vi lèt  $Q$  vere eit vilkårleg punkt på linja  $l$ .

- d) Bestem volumet av pyramiden  $ABCQ$  uttrykt ved  $t$ .
- e) Bestem koordinatane til  $Q$  slik at volumet av pyramiden  $ABCQ$  blir 42.

## Del 2

I del 2 vil vi følge same tema i oppgåvene 3, 4, 5 og 6 alternativ I.  
I nokre tilfelle kan resultat i éi oppgåve komme til nytte i andre oppgåver.

Vi presiserer likevel at oppgåvene kan løysast uavhengig av kvarandre.

### Oppgåve 3

Du skal studere løysinga til differensiallikninga

$$y'' + \frac{2}{5} y' + \frac{26}{25} y = 0$$

- a) Bruk løysinga til den karakteristiske likninga til å vise at den generelle løysinga til differensiallikninga er

$$y = e^{-0.2x} \cdot (C \sin x + D \cos x), \quad \text{der } C \text{ og } D \text{ er konstantar.}$$

- b) Du får oppgitt at  $y(0)=5$  og  $y\left(\frac{3\pi}{4}\right)=0$ .

Forklar at løysinga av differensiallikninga då kan skrivast

$$y = 5 e^{-0.2x} \cdot (\sin x + \cos x)$$

$$\left(\text{Du kan få bruk for at } \sin \frac{3\pi}{4} = \frac{\sqrt{2}}{2} \text{ og } \cos \frac{3\pi}{4} = -\frac{\sqrt{2}}{2}\right)$$

## Oppgåve 4

Funksjonen  $f$  er gitt ved  $f(x) = 5e^{-0.2x} \cdot (\sin x + \cos x)$ ,  $x \in \langle 0, 15 \rangle$

- a) Teikn grafen til  $f$ .
- b) Bestem ved rekning nullpunktene til  $f$ .
- c) Vis ved rekning at

$$f'(x) = 2e^{-0.2x} \cdot (2\cos x - 3\sin x)$$

- d) Teikn forteiknslinja til  $f'(x)$ . Bruk den til å vise at funksjonsverdiane til toppunktene er 6,164, 1,754 og 0,499.
- e) Skriv  $f(x)$  på forma

$$f(x) = A e^{-0.2x} \cdot \sin(x + \varphi), \quad \text{der } A \text{ og } \varphi \text{ er konstantar.}$$

Funksjonane  $p$  og  $q$  er gitt ved  $p(x) = Ae^{-0.2x}$  og  $q(x) = -Ae^{-0.2x}$ , der  $A$  er konstanten du fann i punkt e) over.

- f) Forklar at  $q(x) \leq f(x) \leq p(x)$ . Teikn grafene til  $p$  og  $q$  i same koordinatsystem som grafen til  $f$ .

## Oppgåve 5

Vi vil studere fleire eigenskapar ved funksjonen

$$f(x) = 5e^{-0,2x} \cdot (\sin x + \cos x)$$

når definisjonsmengda er  $\langle 0, \rightarrow \rangle$ .

- a) Forklar at det  $n$ -te nullpunktet til  $f$  kan skrivast på forma

$$x_n = 2,356 + (n-1) \cdot \pi, \quad \text{der } n \geq 1$$

- b) Kva slags talfølgje dannar nullpunktene? Kor mange nullpunkt får vi dersom  $x \in \langle 0, 30 \rangle$ ?

- c) Dei tre første funksjonsverdiane til toppunktene på grafen til  $f$  er gitt i oppgåve 4 d). Alle desse dannar òg ei talfølgje. Vis at denne talfølgja er geometrisk, og finn det femte ledet i talfølgja.

Vi summerer  $y$ -koordinatane til alle toppunktene til høgre for origo.

- d) Vil den rekka vi får, konvergere når  $x \rightarrow \infty$ ? Finn eventuelt summen av den uendelege rekka.


## Oppgåve 6

Du skal svare på anten alternativ I eller alternativ II.  
Dei to alternativa tel like mykje ved vurderinga.

(Dersom svaret ditt inneholder delar av begge alternativa,  
vil berre det du har skrive på alternativ I, bli vurdert.)

### Alternativ I


Eit lodd med masse  $m$  er festa i ei fjør som er festa i veggen. Når loddet er i ro, er det i likevektsstilling. Sjå figur 1.



Figur 1


Vi trekkjer loddet ut frå likevektsstillinga, gir det eit puff bort frå likevektsstillinga, og set dermed i gang ei svingerørsle fram og tilbake. Sjå figur 2 og figur 3.

Avstanden frå likevektsstillinga til loddet ved tidspunktet  $t$  er  $y(t)$ . Sjå figur 2.



Figur 2

Tida  $t$  er målt i sekund, og  $y(t)$  er målt i desimeter.



Figur 3

I horisontal retning verkar to krefter på loddet:

- \* Ei kraft frå fjøra som er proporsjonal med  $y(t)$
- \* Ei friksjonskraft frå underlaget som er proporsjonal med farten  $v(t) = y'(t)$

Akselerasjonen til klossen er  $a(t) = v'(t)$

Vi set  $y(t) = y$ ,  $v(t) = v$  og  $a(t) = a$ .

Newton's 2. lov vil då gi denne likninga

$$-b \cdot v - k \cdot y = m \cdot a$$

der  $b$ ,  $k$  og  $m$  er positive konstantar.

- a) Vis at denne likninga kan omformast til

$$y'' + \frac{b}{m} y' + \frac{k}{m} y = 0$$

Vi set  $b = 1,0 \text{ Ns/m}$ ,  $k = 2,6 \text{ N/m}$  og  $m = 2,5 \text{ kg}$ .

- b) Vis at du får differensiallikninga

$$y'' + \frac{2}{5} y' + \frac{26}{25} y = 0$$

Bestem eit uttrykk for  $y(t)$  når du får opplyst at  $y(0)=5$  og  $y\left(\frac{3\pi}{4}\right)=0$ .

- c) Forklar at det går like lang tid mellom kvar gong loddet passerer likevektsstillinga.

- d) Vis at det maksimale utslaget  $y$  på same side av likevektsstillinga minkar med 71,5% frå eitt utslag til det neste.

## Alternativ II

Summen av dei  $n$  første ledda i ei rekkje er gitt ved

$$S_n = \sum_{k=1}^n k = 1 + 2 + 3 + 4 + \cdots + n$$

- a) Forklar at  $S_n = \frac{n(n+1)}{2}$ . Finn  $S_8$ .

Summen av dei  $n$  første ledda i ei anna rekkje er gitt ved

$$s_n = \sum_{k=1}^n k^3 = 1 + 8 + 27 + \cdots + n^3$$

- b) Bruk digitalt verktøy til å undersøke kor mange ledd rekkja må ha for at summen av rekkja skal vere større enn 15 000.

Det er blitt påstått at  $1 + 2^3 + 3^3 + \cdots + n^3 = \frac{n^2(n+1)^2}{4}$

- c) Bevis formelen over ved induksjon. (Spørsmål c) tel som to delspørsmål.)  
d) Forklar at

$$1^3 + 2^3 + 3^3 + \cdots + n^3 = (1 + 2 + 3 + \cdots + n)^2$$

# Bokmål

<b>Eksamensinformasjon</b>	
<b>Eksamensstid:</b>	5 timer: Del 1 skal leveres inn etter 2 timer. Del 2 skal leveres inn etter 5 timer.
<b>Hjelpebidler på Del 1:</b>	Vanlige skrivesaker, passer, linjal med centimetermål og vinkelmåler er tillatt.
<b>Hjelpebidler på Del 2:</b>	Alle hjelpebidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Vedlegg:</b>	Det er ingen vedlegg.
<b>Framgangsmåte:</b>	Der oppgaveteksten ikke sier noe annet, kan du velge framgangsmåte selv.  Hvis oppgaven krever en bestemt løsningsmetode, vil du også kunne få noe uttelling for en alternativ metode.
<b>Veiledning om vurderingen:</b>	Karakteren blir fastsatt etter en samlet vurdering. Det betyr at sensor vurderer i hvilken grad du <ul style="list-style-type: none"><li>– viser regneferdigheter og matematisk forståelse</li><li>– gjennomfører logiske resonnementer</li><li>– ser sammenhenger i faget, er oppfinnsom og kan bruke fagkunnskap i nye situasjoner</li><li>– kan bruke hensiktsmessige hjelpebidler</li><li>– vurderer om svar er rimelige</li><li>– forklarer framgangsmåter og begrunner svar</li><li>– skriver oversiktlig og er nøyaktig med utregninger, benevninger, tabeller og grafiske framstillinger</li></ul>

## Del 1

### Oppgave 1

a) Deriver funksjonen gitt ved  $f(x) = x^2 \cdot \cos(3x)$

b) Bestem integralene

$$1) \int 5x \cdot e^{2x} dx$$

$$2) \int \frac{6x}{x^2 - 1} dx$$

c) Løs differensiallikningen

$$y' - 2y = 3 \quad \text{når} \quad y(0) = 2$$

d) 1) Bruk formlene

$$\cos(u - v) = \cos u \cdot \cos v + \sin u \cdot \sin v$$

$$\cos(u + v) = \cos u \cdot \cos v - \sin u \cdot \sin v$$

til å vise

$$\cos u \cdot \cos v = \frac{1}{2} (\cos(u - v) + \cos(u + v))$$

2) Bruk 1) til å finne et uttrykk for  $(\cos x)^2$ . Bestem integralet

$$\int (\cos x)^2 dx$$

e) I denne oppgaven får du bruk for den generelle sammenhengen

$$\int_a^b F'(x) dx = F(b) - F(a)$$

Tabellen nedenfor viser noen funksjonsverdier for funksjonene  $f$ ,  $g$  og  $h$ .

$x$	$f(x)$	$g(x)$	$h(x)$
-3	0	6	6
1	-2	$\frac{-7}{2}$	-4
2	24	28	22

Det opplyses i tillegg at  $f(x) = g'(x)$  og  $h(x) = g''(x)$ .

Bruk tabellen og tilleggsopplysningene til å finne integralene

$$1) \int_{-3}^2 f(x) dx$$

$$2) \int_{-3}^1 h(x) dx$$

## Oppgave 2

Vi har gitt punktene  $A(3, 0, -2)$ ,  $B(0, 2, 0)$  og  $C(1, -1, 4)$ .

- a) Bestem  $\overrightarrow{AB} \times \overrightarrow{AC}$ .
- b) Finn en likning for planet  $\alpha$  som går gjennom punktene  $A$ ,  $B$  og  $C$ .

En rett linje  $l$  går gjennom punktet  $P(5, 4, 4)$  og står vinkelrett på planet  $\alpha$ .

- c) Vis at en parameterframstilling for  $l$  er  $\begin{cases} x = 5 + 2t \\ y = 4 + 2t \\ z = 4 + t \end{cases}$

Finn skjæringspunktet mellom  $l$  og  $xz$ -planet.

Vi lar  $Q$  være et vilkårlig punkt på linjen  $l$ .

- d) Bestem volumet av pyramiden  $ABCQ$  uttrykt ved  $t$ .
- e) Bestem koordinatene til  $Q$  slik at volumet av pyramiden  $ABCQ$  blir 42.

## Del 2

I del 2 vil vi følge samme tema i oppgavene 3, 4, 5 og 6 alternativ I.  
I noen tilfeller kan resultater i én oppgave komme til nytte i andre oppgaver.

Det presiseres likevel at oppgavene kan løses uavhengig av hverandre.

### Oppgave 3

Du skal studere løsningen til differensiallikningen

$$y'' + \frac{2}{5} y' + \frac{26}{25} y = 0$$

- a) Bruk løsningen til den karakteristiske likningen til å vise at den generelle løsningen til differensiallikningen er

$$y = e^{-0.2x} \cdot (C \sin x + D \cos x), \quad \text{der } C \text{ og } D \text{ er konstanter.}$$

- b) Du får oppgitt at  $y(0)=5$  og  $y\left(\frac{3\pi}{4}\right)=0$ .

Forklar at løsningen av differensiallikningen da kan skrives

$$y = 5e^{-0.2x} \cdot (\sin x + \cos x)$$

(Du kan få bruk for at  $\sin \frac{3\pi}{4} = \frac{\sqrt{2}}{2}$  og  $\cos \frac{3\pi}{4} = -\frac{\sqrt{2}}{2}$ )

## Oppgave 4

Funksjonen  $f$  er gitt ved  $f(x) = 5e^{-0.2x} \cdot (\sin x + \cos x)$ ,  $x \in \langle 0, 15 \rangle$

- a) Tegn grafen til  $f$ .
- b) Bestem ved regning nullpunktene til  $f$ .
- c) Vis ved regning at

$$f'(x) = 2e^{-0.2x} \cdot (2\cos x - 3\sin x)$$

- d) Tegn fortegnslinjen til  $f'(x)$ . Bruk denne til å vise at funksjonsverdiene til toppunktene er 6,164, 1,754 og 0,499.
- e) Skriv  $f(x)$  på formen

$$f(x) = A e^{-0.2x} \cdot \sin(x + \varphi), \quad \text{der } A \text{ og } \varphi \text{ er konstanter.}$$

Funksjonene  $p$  og  $q$  er gitt ved  $p(x) = Ae^{-0.2x}$  og  $q(x) = -Ae^{-0.2x}$ , der  $A$  er konstanten du fant i punkt e) over.

- f) Forklar at  $q(x) \leq f(x) \leq p(x)$ . Tegn grafene til  $p$  og  $q$  i samme koordinatsystem som grafen til  $f$ .

## Oppgave 5

Vi vil studere flere egenskaper ved funksjonen

$$f(x) = 5e^{-0,2x} \cdot (\sin x + \cos x)$$

når definisjonsmengden er  $\langle 0, \rightarrow \rangle$ .

- a) Forklar at det  $n$ -te nullpunktet til  $f$  kan skrives på formen

$$x_n = 2,356 + (n-1) \cdot \pi, \quad \text{der } n \geq 1$$

- b) Hva slags tallfølge danner nullpunktene? Hvor mange nullpunkter får vi hvis  $x \in \langle 0, 30 \rangle$ ?
- c) De tre første funksjonsverdiene til toppunktene på grafen til  $f$  er gitt i oppgave 4 d). Alle disse danner også en tallfølge. Vis at denne tallfølgen er geometrisk, og finn det femte leddet i tallfølgen.

Vi summerer  $y$ -koordinatene til alle toppunktene til høyre for origo.

- d) Vil den rekken vi får, konvergere når  $x \rightarrow \infty$ ? Finn eventuelt summen av den uendelige rekken.


## Oppgave 6

Du skal svare på enten alternativ I eller alternativ II.  
De to alternativene teller like mye ved vurderingen.

(Dersom besvarelsen din inneholder deler av begge alternativene,  
vil bare det du har skrevet på alternativ I, bli vurdert.)

### Alternativ I


Et lodd med masse  $m$  er festet i en fjær som er festet i veggen. Når loddet er i ro, er det i likevektsstilling. Se figur 1.



Figur 1


Vi trekker loddet ut fra likevektsstillingen, gir det et puff bort fra likevektsstillingen, og setter dermed i gang en svingbevegelse fram og tilbake. Se figur 2 og figur 3.

Avstanden fra likevektsstillingen til loddet ved tidspunktet  $t$  er  $y(t)$ . Se figur 2.



Figur 2

Tida  $t$  er målt i sekunder, og  $y(t)$  er målt i desimeter.



Figur 3

I horisontal retning virker to krefter på loddet:

- \* En kraft fra fjæra som er proporsjonal med  $y(t)$
  - \* En friksjonskraft fra underlaget som er proporsjonal med farten  $v(t) = y'(t)$
- Akselerasjonen til klossen er  $a(t) = v'(t)$

Vi setter  $y(t) = y$ ,  $v(t) = v$  og  $a(t) = a$ .

Newton's 2. lov vil da gi følgende likning

$$-b \cdot v - k \cdot y = m \cdot a$$

der  $b$ ,  $k$  og  $m$  er positive konstanter.

- a) Vis at denne likningen kan omformes til

$$y'' + \frac{b}{m} y' + \frac{k}{m} y = 0$$

Vi setter  $b = 1,0 \text{ Ns/m}$ ,  $k = 2,6 \text{ N/m}$  og  $m = 2,5 \text{ kg}$ .

- b) Vis at du får differensiallikningen

$$y'' + \frac{2}{5} y' + \frac{26}{25} y = 0$$

Bestem et uttrykk for  $y(t)$  når du får oppgitt at  $y(0) = 5$  og  $y\left(\frac{3\pi}{4}\right) = 0$ .

- c) Forklar at det går like lang tid mellom hver gang loddet passerer likevektsstillingen.
- d) Vis at det maksimale utslaget  $y$  på samme side av likevektsstillingen minker med 71,5% fra ett utslag til det neste.

## Alternativ II

Summen av de  $n$  første leddene i en rekke er gitt ved

$$S_n = \sum_{k=1}^n k = 1 + 2 + 3 + 4 + \cdots + n$$

- a) Forklar at  $S_n = \frac{n(n+1)}{2}$ . Finn  $S_8$ .

Summen av de  $n$  første leddene i en annen rekke er gitt ved

$$s_n = \sum_{k=1}^n k^3 = 1 + 8 + 27 + \cdots + n^3$$

- b) Bruk digitalt verktøy til å undersøke hvor mange ledd rekken må ha for at summen av rekken skal være større enn 15 000.

Det er blitt påstått at  $1 + 2^3 + 3^3 + \cdots + n^3 = \frac{n^2(n+1)^2}{4}$

- c) Bevis formelen over ved induksjon. (Spørsmål c) teller som to delspørsmål.)  
d) Forklar at

$$1^3 + 2^3 + 3^3 + \cdots + n^3 = (1 + 2 + 3 + \cdots + n)^2$$

(Blank side)

(Blank side)

Schweigaards gate 15  
Postboks 9359 Grønland  
0135 OSLO  
Telefon 23 30 12 00  
[www.utdanningsdirektoratet.no](http://www.utdanningsdirektoratet.no)